

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Fonna HF
DATO: 13.09.21
SAKSHANDSAMAR: Haldis Økland Lier
SAKA GJELD: **NPE saker i Helse Fonna**

STYRESAK: 67/21

STYREMØTE: 29.09.21

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret i Helse Fonna HF tar saka til orientering

Norsk pasientskade-erstatning (NPE) er ein etat under Helse- og omsorgsdepartementet. NPE behandlar krav om erstatning frå pasientar som meiner dei har fått skade som følgje av svikt i utgreiing eller behandling i helsetenesta.

NPE har tre oppgåver som er forskriftsfesta:

- Avgjere om erstatningssøklarar har krav på erstatning og fastsette størrelsen på eventuell erstatning
- Bidra ned data for kvalitetsforbetring og skadeførebyggjande arbeid i helsetenesten
- Informere om pasientskadeordninga til pasientar, helsetenesten og publikum

I 2020 blei det totalt utbetalt 1156 millionar kroner i erstatningar til pasientar og pårørande. Det er den største summen som er utbetalt av NPE på eitt år, og er ein auke på 8 prosent frå året før. NPE mottok 5695 søknadar i 2020, det er det same talet som året før. Tre av 10 fekk erstatning, gjennomsnittleg utbetaling var 715 000 kroner. Dei viktigaste grunnane til avslag er at søkjar sine plager ikkje skuldast svikt i behandling eller hadde samanheng med behandling. Ventetida for erstatning gjekk med 71 dagar i 2020 samanlikna med året før. I 2020 gjekk det i gjennomsnittleg 235 dagar frå erstatningskravet var mottatt til ansvarsvedtaket var fatta og 73% av skadene der erstatningssøklar fekk medhald var ferdigbehandla innan 24 månadar.

Tre vilkår må vere oppfylt for å få erstatning for ei pasientskade:

- Skaden må skuldast svikt i behandlinga (behandling, undersøking, diagnostisering eller oppfølging). I nokre heilt spesielle saker blir det gitt erstatning sjølv om det ikkje har skjedd ein svikt, det er når skaden er spesielt stor eller uventa.
- Skaden må ha ført til eit økonomisk tap. Tapet må vere over 10 000 kroner. Om skaden er varig (over 10 år) og betydeleg (medisinsk invaliditet på minst 15 prosent), kan det bli gitt erstatning sjølv om det ikkje er økonomiske tap.
- Skaden må ikkje vere for gammal (Hovudregel er at krav om erstatning er forelda tre år etter at ein har fått kunnskap om at ein har fått ein skade og kunnskap om kven som er ansvarleg for skaden)


1. Nøkkeltal for NPE (offentleg helseteneste)

NPE	2019	2020
Mottatte saker	4807	4823
Medhald	1127	1168
Avslag	3230	2993
Prosent medhald	26	28
Utbetaling (millionar kroner)	1005	1065

2. Samandrag for Helse Fonna, 2016-2020.

I figur 1 under ser ein utvikling i tal på mottatte saker, fordeling mellom ulike vedtak (medhald, avslag og avvist) og utbetalt erstatning dei siste fem åra i Helse Fonna. NPE tok imot 94 saker frå Helse Fonna i 2020, til samanlikning tok NPE imot 93 saker frå Helse Fonna i 2019. 27 saker frå Helse Fonna fekk medhald i 2020 medan det i 2019 var 22 saker som fekk medhald. I 2020 blei det utbetalt 18 058 071 kroner frå NPE, tal til samanlikning for 2019 var høvesvis 36 632 075. Eigenandelen for kvar sak er for føretaka kroner 10.000 og 10 prosent av resterande erstatningsbeløp opp til 100.000 kroner. Det var flest saker knytt til ortopedi, totalt 33 saker. 5 av sakene knytt til ortopedi fekk medhald, 22 fekk avslag og 6 blei avviste. Det var 4 saker knytt til psykisk helsevern, der ei sak fekk medhald. For oversikt over vedtak knytt til medisinsk område og erstatning knytt til dei ulike medisinske områda sjå figur 2 og 3.

Figur 1: Utvikling i tal mottatte saker og tal saker med medhald, Helse Fonna (2016-2020)



Figur 2: Vedtak knytt til medisinsk område, Helse Fonna 2020

Fagområde	Medhold	Avslag	Avvist/henlagt	Totalt
Uavklart			3	3
Endokrinologi og metabolske forstyrrelser	1			1
Fordøyelsesykdommer	1			1
Føde	1			1
Fødselshjelp og kvinnesykdommer	3	5	1	9
Gastroenterologisk kirurgi		10		10
Hudsykdommer	1			1
Infeksjonssykdommer og venerologi		2		2
Karsykdommer	1			1
Nevrologi	1	2		3
Nyfødtmedisin	1			1
Nyresykdommer	1			1
Ortopedi	5	22	6	33
Plastikkirurgi og kosmetisk behandling	2			2
Psykatri / psykologi	1	3		4
Svulster og kreftsykdommer	8	6	2	16
Øre-nese-halssykdommer			1	1
Øyesykdommer		1	1	2
Totalt	27	51	11	92

Figur 3: Oversikt over erstatning knytt til medisinsk fagområde, Helse Fonna, 2020

Fagområde	Erstatning	Egenandel
Endokrinologi og metabolske	410 000	-
Fordøyelsesykdommer	50 000	100 000
Gastroenterologisk kirurgi	255 518	136 021
Hjertesykdommer	245 740	38 000
Nevrologi	6 921 492	200 000
Ortopedi	3 758 631	402 679
Plastikkirurgi og kosmetisk behandling	125 000	-
Psykatri / psykologi	682 000	24 250
Svulster og kreftsykdommer	5 609 690	374 550
Totalt	18 058 071	1 275 500

Oppsummering:

Tal på NPE saker knytt til Helse Fonna er relativt stabile dei siste fem åra, det gjeld også parten som får medhald. Ortopedi og svulstar/kreftsjukdom er dei medisinske fagområda med flest saker, det gjeld alle dei siste fem åra og ein finn dette lokalt i føretaket og i regionale og nasjonale tal.

Sakene vert utgreia og handsama internt i linja. Kvalitetsutvalet har NPE saker som tema ein gong kvart år.

Kjelder:

Årsrapport 2020: [arsrapport-2020.pdf \(npe.no\)](#)

Tilsendt statistikk for Helse Fonna frå NPE